

SAK 50/17 HALLINGDAL 2020, TILTAK MED BAKGRUNN I STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL

Saksopplysning

Strategisk plan for Hallingdal



Mykje av grunnlaget til Hallingdal 2020 er vidareført i Strategisk plan for Hallingdal 2017 – 2020. Dette gjeld m.a. i forhold til verdiar (leiken, ekta, fri og frisk), hovudmåla attraktiv og positiv og spesielt i forhold til innsatsområda; Folk som ressurs og Bukvalitet. I tillegg er profilering av Hallingdal eit grunnleggjande og evigvarande arbeid. Aktuelle tiltak som er vurdert som aktuelle å arbeide med komande år og som krev ekstra finansiering er m.a:

Livskvalitet

Strategisk plan for Hallingdal 2017-2021 har sett livskvalitet som hovudfokusområde for den neste fireårsperioden. Folk er den viktigaste ressursen som finns i regionen, og grunnlag for all utvikling. Hovudmåla i strategisk plan er at Hallingdal skal bli en meir attraktiv, positiv og produktiv region, der både innbyggjarar og besøkande har mogelegheit til å leva eit godt liv.

Folk som trives og opplever at dei mestrar kvardagen, gjer regionen meir attraktiv, positiv og produktiv. Ei vektlegging av trivsel i befolkninga vil vera avgjerande for å nå våre hovudmålsettingar, produktiv, positiv og attraktiv.

Som professor i helsepsykologi, Arne Holte lærte oss så « Kan vi ikke behandle oss ut av problemene, det er på tide vi tar folk på alvor som den viktigste ressursen for samfunnsøkonomi og psykisk helse.»

Denne tenkinga er i tråd med internasjonale trendar. Fleire land ligger framfor Norge i dette arbeidet, inkludert våre skandinaviske naboland. Livskvalitet er ikkje berre ei målsetting. Det kan også vera eit måleparameter på trivsel, vekst og utvikling i regionen. Ved befolkningsundersøkingar kan ein både få ei plattform for det vidare arbeidet, retningsgjevande signal for kva som er viktig for folk flest og om kvar innsatsen bør settast inn og ei monitorering av om samfunnsutviklinga går i rett retning. Hallingdal vil i samarbeid med nasjonale institusjonar i Norge, vera i fremste rekke i utviklinga av dette arbeidet.

Hallingdal er ein region med ei rekkje kvalitetar både som bu og reiselivsregion. Å sette folk fyrst skal bidra til at Hallingdal i større grad blir opplevd som eit naturleg val som buplass, næringsetablering og som reisemål. Det er viktig å bygge vidare på det regionen er god på, og å vidareutvikle det som gjer at hallingen trives i Hallingdal. I dette arbeidet er befolkninga, kommunane og næringslivet viktige samarbeidspartar.

Men korleis skal Hallingdal arbeide for at folk skal oppleve ein god livskvalitet? Eller som visjonen seier, ekte, leiken, fri og frisk. Dette er eit arbeid som er i startgropa der me ser til våre naboland, samstundes som Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet hat fatta interesse for Hallingdal sine tilnærmingar (eige møte 18.1.2018). Ein vil koma attende med eigen sak når det er gjort nærare avklaringar. Samstundes er det dagsaktuelle tiltak som vil underbygge satsinga:

- Hallingdagen med m.a. fokus på «vi ser deg som ein viktig ressurs for Hallingdal».
- Få fram dei gode historiene som fortel om «det gode liv i Hallingdal»
- Vidareutvikle www.hallingdal.no slik at vi underbyggjer budskapet om det gode liv i Hallingdal.
- Vidareutvikle «Kva skjer» slik at aktivitetane blir enda meir synlige for fleire.
- Vurdere eige friluftsråd for Hallingdal
- Vudere felles idrettsråd
- Heie og bidra til at kommunane skapar gode tilbud for integrering. For eksempel «open hall», «all idrett», «fellesmiddag» og anna som skaper sosiale soner der folk møtes.
- Hallingidentitet i barnehagen, «sjå» barna våre.
- Støtte opp om destinasjonane våre spesielt i forhold til langrenn og sykkel

Profilering

Arbeidet som er lagt ned i profilering av Hallingdal siste åra har hatt god effekt og har vorte tatt svært godt i mot. Det er viktig å vidareføre arbeidet i eit meir langsiktig perspektiv, eit arbeid som ikkje gjer seg sjølv. Ansvar for Regionrådet sin del av gjennomføringa ligg naturleg til Hallingdal 2020. Det er og viktig at Regionrådet er ein pådrivar i den vidare prosessen.

Målsettinga med er at:

- Merkevara Hallingdal skal styrkja identitet og stoltheit for eigen region.
- Styrke omdømme til Hallingdal som bu- og arbeidsmarknadsregion.

- Hallingprofilen skal vera ein paraplyprofil som skal samordne merkevarebygginga av Hallingdal som region.
- Merkevareprofilen skal forsterke interessa for tenester og produkt med tilknytning til namnet Hallingdal.

Arbeidsoppgåver vidare:

- Kontinuerlig jobbe for å forankre og sikre bruk av merkevaren Hallingdal på rett måte
- Vidareføring og utvikling av ulike profileringsprodukt
- Starthjelp til bedrifter som ynskjer å nytte Hallingdal sin profil
- Sikre breiare distribusjon/bruk av profilen hjå næringsliv, lag/foreiningar, hyttehallingar og innbyggjarar/ungdom i og frå Hallingdal
- Markering av alle inn/utfartsårer til og frå Hallingdal
- Markering langs hovudvegane gjennom heile Hallingdal

Hallingdagen, vertskap

Hallingdagen er eit utvida «vertskapskurs» for alle som driv næring, politikarar, off. tilsette, og alle som synes dette er nyttig.

Målet med dagen er m.a. å:

- Ta pulsen på Hallingdal
- Bevisstgjering av eigen rolle som vertskap for Hallingdal
- Auke kunnskap om eigen region
- Syne korleis ein kan nyttiggjera seg merkevara for å skape meirverdi for bedrifta/kommunen/regionen
- Skapa begeistring og styrke Hallingidentiteten
- Skapa eigarforhold til merkevara/logo

Vi vil styrke merkevara Hallingdal gjennom aktivt å bruke den i marknadsføringa, gjennomføringa og etterarbeidet av Hallingdagen.

Ungdom

For å oppnå våre målsettingar med å ha ungdommen med på laget, både i forhold til rekruttering og profilering er det fleire tiltak spesielt retta mot ungdom, som:

- Hallingdal Ungdomsråd
- Hallingambassadørar
- Prosjektansvar for Fjellungdom
- www.hallingdal.no

Rekruttering

I vår målsetting om å styrke Hallingdal som bu- og arbeidsmarknadsregion ligg er det eit klart mål om auke tilflytting og næringsetablering. For å støtte dette blir det gjennomført ulike tiltak, som:

- Hallingtreff (Oslo, Bergen og Trondheim)
- Jobb i Hallingdal (Facebook-side som samlar alle ledige stillingar i regionen)
- Vera eit kontaktpunkt for de som er nysgjerrige på Hallingdal og ynskjer å flytte hit.
- Yrkesmessa
- Ungt Entreprenørskap
- Hyttemessa Exporama
- Kva skjer – aktivitetsskalender for Hallingdal

Kostnader (tiltak som ikkje er finansiert)

- Livskvalitet, førebels arbeid fyrste halvår 2018	kr. 80.000
- Tiltak profilering (markering langs vegar eige tiltak)	kr. 200.000
- Hallingdagen	kr. 100.000
- Ungdom	kr. 50.000
- Rekruttering	<u>kr. 200.000</u>

Sum **kr. 630.000**

Finansiering vil vera naturleg at skjer via næringsfondet.

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 630.000 til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, under arbeidsområde Hallingdal 2020.

Tilskotet blir finansiert frå regionalt næringsfond.

Ål 8.12.2017

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar